

«MOTTAKERNAVN»
«ADRESSE»
«POSTNR» «POSTSTED»

Dato: 13.09.2018
Vår ref.: 2018/10009-16
Saksbehandlar: torrods
Dykkar ref.: «REF»

«KONTAKT»

Persontransport i rute - påminning om løyveplikt

Vi viser til kunngjering på www.taxibusodda.com, der det går fram at de tilbyr regelmessig transport av personar i eit bestemt trafikksamband som står open for alle, og på- og avstiging kan skje på stoppestader som er fastsette på førehand.

Vi minner igjen om at det i yrkestransportlova § 6 (1) heiter følgjande:

Den som mot vederlag vil drive persontransport i rute med motorvogn må i tillegg til løyve etter § 4 første ledd [turvognløyve] ha særskilt løyve for rutetransport.

I § 2 (1) i lova er rutetransport definert slik:

Som rutetransport reknast regelmessig transport av personar i eit bestemt trafikksamband dersom transporten står open for alle, og på- og avstiging kan skje på stoppestader som er fastsette på førehand.

Fylkesdirektør samferdsel gjorde 19.04.18 følgjande vedtak:

Med heimel i yrkestransportforskrifta § 36 avslår fylkesdirektøren søknad av 18.03.18 frå Taxi/Bus Odda AS om dispensasjon frå kravet om ruteløyvet for bussrute på strekninga Odda – Skjeggedal.

Den fylkeskommunale klagenemnda gjorde i møte 11.09.18 følgjande vedtak:

Klage frå Taxi/Bus Odda AS over fylkesdirektør samferdsel sitt vedtak om avslag på søknad om løyvefritak for bussrute på strekninga Odda – Skjeggedal vert ikkje teke til følgje

Det kan såleis sjå ut til at de driv persontransporten i strid med yrkestransportlova.

I § 41 i lova heiter det følgjande:

Om nokon med vilje eller aktløyse bryt denne lova, forskrifter eller vilkår som er fastsette med heimel i lova, vert han straffa med bot. Forsøk på slike brot er også straffbart.

Ein eventuell rutetransport i dykkar regi må såleis opphøyre omgåande.

Vi ber om stadfesting **innan 28. september** d. å. på at de ikkje driv regelmessig transport av personar i eit bestemt trafikksamband som står open for alle, der på- og avstiging kan skje på stoppestader som er

fastsette på førehand. Utan ei slik stadfesting vil fylkeskommunen vurdere å melde tilhøvet til polititet.

Som nemnd seinast i fylkesdirektøren sitt brev av 19.04.18, står de fritt til å søkje om ruteløyve. Søknader om ruteløyve vert handsama på anna vis enn søknad om dispensasjon frå løyveplikt. Ein eventuell søknad vil eventuelt bli handsama av fylkesutvalet. Den må sendast inn fire månader før de eventuelt ønskjer å startte rutedrift. Vi står til rådvelde for å gje nærmare informasjon.

Rolf Rosenlund
seksjonsleiar

Tor Harald Rødseth
Seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.